

Handlingsplan prosjektstyring

Oppfølging av vedtak i Fylkestinget av 10.03.15, sak 6/15, Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring

Vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Prosjektstyring", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Bidra til at eigedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:
 - a. *Rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.*
 - b. *Rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklister for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.*
 - c. *Retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett.*
 - d. *Systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.*
 - e. *Rutinar for oppfølging av kontraktar.**
2. *Etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.*
3. *Sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet.*
4. *Etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.*
5. *Etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.*
6. *Lage ein handlingsplan innan 01.06.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.»*

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Ref Vedtak	Merknad/status
Organisering	1	Organisering av Egedomsavdelinga som sikrar utvikling, oppfølging og kontinuerlig læring for prosjektstyringssystem	Egedomsdirektør	31.12.15		Utført Ny organisasjonsstruktur gjeldande frå 09.11.15
	1.1	Utpeke ansvarlig for prosjektstyringssystemet. KS-leiar	Egedomsdirektør	31.12.15		Utført Ny organisasjonsstruktur gjeldande frå 09.11.15. Inneheld rolla KS/HMS-Leiar
	1.2	Etablere organisatorisk struktur som sikrar at alle prosjekt får ein prosjektleiar og ein prosjekteigar/ansvarleg. Prosjekteigar er ansvarleg for at prosjektet har nødvendige ressursar, følgjer gjeldande rutinar og melder inn avvik og manglar i prosjektstyringssystemet	Egedomsdirektør	31.12.15	2,3,5	Utført Ny organisasjonsstruktur gjeldande frå 09.11.15. definerer kven som skal vera prosjekteigar. Stillingsinstruksar for alle ferdigstilt
	2	Utvikle nytt prosjektstyringssystem med basis i eksisterande system og eksterne relevante system.	Egedomsdirektør	30.06.16		Utført Gjennomføring i tre trinn. Har valt å nytte FEF Kvalitetsplan for prosjektstyring som verktøy supplert med egne rutinar (FEF=Fylkeskommunalt Eiendomsforum). Prosjektstyringsverktøyet nyttast av fleire andre fylkeskommunar bl.a. Akershus og Møre og Romsdal
Prosjektstyringssystem – Trinn 1	2.1	Prosjektstyringssystem trinn 1 – Innføring av økonomi og status rapportering, usikkerhetsstyring, Stillingsinstruksar	KS-Leiar	30.12.15		Utført Økonomi og status rapportering samt usikkerhetsstyring innført for alle prosjekter over 10 mill. Årshjul for statusmøter utarbeid (ca eit møte kvar veke – 2 timar). Eigne status-/usikkerheitsmøte kvar tredje månad. Egedomsdirektør og utbyggingssjef deltar.
	2.1.1	Innføring av periodisk statusrapportering inkludert rapportering av avvik og manglar med prosjektstyringssystemet	KS-Leiar	30.12.15	1d,1e,2	Utført Nyttas i alle ny prosjekt. Komplette statusrapport er implementert i økonomisystemet ISY prosjektøkonomi Rapportertast månadleg (forutan juli). Gjelder prosjekt over 10 mill.
	2.1.2	Innføring av månadleg økonomirapportering	KS-Leiar	30.12.15	1e	Utført

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Ref Vedtak	Merknad/status
						Nyttast i alle ny prosjekt. Budsjetteringsmal for større prosjekt etablert. ISY Prosjektøkonomi er innført for alle nye prosjekt. Rapportertast månedleg (forutan juli). Gjelder prosjekt over 10 mill. Blir også nytta for prosjekt under 10 mill frå 1.1.2017.
	2.1.3	Innføring av usikkerhetsstyring i prosjekta	KS-Leiar	30.12.15	1a	Utført Rutine/skjema for usikkerhetsstyring utarbeid. Møte for usikkerhetsstyring kvar tredje måned.
	2.1.4	Stillingsinstruksar inkluder ansvar og myndigheit	Eigedoms- direktør	30.12.15	3	Utført
Prosjektstyrings-system – Trinn 2	2.2	Prosjektstyrings-system trinn 2 – Etablere fyrste versjon av nytt heilskapleg prosjektstyrings-system	KS-Leiar	31.03.16		Utført Har valt FEF Kvalitetsplan som basis
	2.2.1	Etablere struktur for komplett prosjektstyrings-system med fasar og vedtakspunkter	KS-Leiar	31.03.16	1b, 1c, 1d	Utført Nyttar FEF kvalitetsplan. Dette systemet har dei fasar og vedtakspunkter som er aktuelle for HFK
	2.2.2	Etablere dei sentrale rutine, malar og sjekklister for dei ulike fasane	KS-Leiar	31.03.16	1b, 1c, 5	Er under arbeid, men meir omfattande arbeid enn forventa og er ikkje ferdigstilt.
	2.2.3	Oppdatere og utvikle kravspesifikasjonar for alle fag	Fag- ansvarleg	31.03.16	1b	Utført
Prosjektstyrings-system – Trinn 3	2.3	Prosjektstyrings-system trinn 3 – Ferdig utarbeid og tatt i bruk i alle prosjekt	KS-Leiar	30.06.16		Trinn1 fullt ut innført i prosjekta. Trinn 2 og 3 er ikkje heilt komplette, men vil bli nytta på alle nye prosjekt som er under oppstart eller er nettopp starta.
	2.3.1	Ferdigstilling av alle rutinar, malar og sjekklister	KS-Leiar	30.06.16	1b, 1c	Er under arbeid, men meir omfattande arbeid enn forventa og er ikkje ferdigstilt.
	2.3.2	Rutine for bruk av styringsgruppe. Definisjon av kriterier for etablering av styringsgruppe og samansetning.	Eigedoms- direktør	30.06.16	4	Er ikkje utført